

Evaluering av Førde Internasjonale Folkemusikkfestival Måloppnåing som knutepunktfestival

1. Innleiing

Kulturdepartementet har invitert tilskotspartane til å gi ei vurdering av måloppnåing for knutepunktinstitusjonen Førde internasjonale folkemusikkfestival (Førdefestivalen) med utgangspunkt i knutepunktkriteria.

Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune (frå no kalla vi) gir ei sams evaluering.

Bakgrunnen for evalueringa er St.meld. nr 10 (2007-2008) «Knutepunkt» der ein i kapittel 4 gir ei rimeleg detaljert oversikt over kva som vert forventa av ein knutepunktinstitusjon. Vi vil halde oss til desse kriteria i evalueringa og runde av med ei vurdering som tek i vare kommunen sine oppfatningar og behov som vertskommune og fylkeskommunen sine vurderingar i høve til regional verdi.

Vi opplever Førdefestivalen som ein solid kulturinstitusjon som har bygt seg opp steg for steg gjennom fleire år. Festivalen har etablert ei institusjonell kraft (administrativt, økonomisk, fagleg, bygge nasjonalt og internasjonalt nettverk, partnerskap) som viser seg å vere svært viktig lokalt. Dette gjennom m.a. å vere nyskapande med omsyn til nye idear og tiltak samt som utfordrar for det lokale og regionale kulturlivet på ein spennande måte. Førdefestivalen er ein kulturell kraft – ein «motor» - som er avgjerande og viktig i vår region. Kulturelt og som sjølvstendig arrangement er nok Førdefestivalen truleg den viktigaste hendinga i Førdesamfunnet gjennom året.

Vi meiner at Førdefestivalen tek i vare samfunnsoppdraget som knutepunkt på eit god måte. Festivalen har vist ei sjangertru haldning og har opparbeidd seg eit godt ry som arrangør. Publikum/besøkande har stor tiltru til at festivalen leverer kvalitet både i utvalet av musikk og aktualitet og vitjar difor arrangement med ukjente artistar i den forventning at ein vil oppleve noko bra. Vi ønskjer at Førdefestivalen skal halde fram med denne strategien. Det er god omdømmebygging, publikumsbygging og ikkje minst eit godt profesjonelt, kunstnarisk tilbod til publikum og artistar frå inn- og utland.

2. Vurdering av festivalen opp mot knutepunktkriteria

2.1 Heilårleg drift

Førdefestivalen har heilårleg drift, dei har 6 tilsette i 5,3 årsverk. Festivalarrangementet i juli tek sjølvstøtt mykje tid, men det er utadretta aktivitet heile året, mest synleg gjennom Bornas verdsdagar og FolkJazz-scena. Dei både deltek og arrangerer konferansar og seminar gjennom året, har eit omfattande samarbeid med næringsliv, frivillig lagsliv og frivillige frå heile regionen gjennom heile året. Dei har ei *lokal og regional forankring* og bidreg i stor grad til mangfaldet i kulturlivet i Sogn og Fjordane.

2.2 Kunstnarleg leiande

Førdefestivalen er kunstnarleg leiande innan formidling av norsk og internasjonal folkemusikk. I løpet av dei siste 25 åra har festivalen gjennom si *nasjonale og internasjonale orientering* utvikla ein høg grad av kompetanse i alle ledd som til sist gjev seg utslag i kunstnarlege opplevingar ein må leite godt for å finne andre stader. Leiinga er med i globale world music-nettverk og held seg oppdatert på aktuelle trendar og utviklingstrekk innan verdsmusikken. I tillegg er festivalen også *nyskapande og utviklingsorientert* ved sjølv å vere ein aktiv pådrivar til utviklinga, til dømes gjennom eigne og trendsetjande større konsertproduksjonar som samarbeidet med Frikar der dei kombinerte norsk hallingdans med kinesisk kung-fu. Slik set festivalen seg i førarsetet når det gjeld å rette blikket framover på leiting etter ny og innovativ formidling av folkemusikk frå heile verda.

Festivalen er også dyktig på eit anna viktig punkt, balansegangen mellom å tilfredsstille både eit vanleg publikum og eit fagpublikum på same tid. Slike felles musikkopplevingar bidreg til identitet og samhold og utvidar samstundes horisonten i tillegg til å skape møteplassar for eit breitt musikkorientert publikum på tvers av kompetansenivå.

2.3 Samarbeidspartar

Førdefestivalen viser ei imponerende oversikt over *samarbeidspartar*, frå dei mest lokale som barnehagar, til internasjonale som European Forum of Worldwide music Festivals. Vi viser her til Førdefestivalen si eigenrapportering pkt. 12. Samarbeidet gjer seg utslag både i styreverv, ansvar for leing og *koordinering* av samarbeidsprosjekt, finansiering og investeringar i utstyr og liknande. Saman med ein kompetanse innan musikk sjangeren og innan arrangørfaget gjer festivalen ein god som knutepunktinstitusjon.

2.4 Publikum

Festivalen vil gje publikum nye opplevingar gjennom å presentere framstående utøvarar og gi musikkuttrykk som er nye for eit norsk publikum. Dei arbeider målretta med å nå flest mulig gjennom marknadsføring og informasjonsarbeid. Vi viser til Førdefestivalen sine eigne tal for publikum, der ein har eit besøk på 25 – 30 000 på kvar festival. Publikumsundersøkingane viser alderssegment, kvar publikum kjem i frå og kven som kjem igjen på neste festival, 8 av 10 gjer det. Festivalen har arbeidd medvete med publikum over lang tid og har strategiar for å behalde og vidareutvikle publikum.

Vi ønskjer å utfordre festivalen i høve til ungdom som publikum. Der ser vi at festivalen har eit potensiale for å auke deltakinga.

Vi vil også trekke fram som særleg positivt den innsatsen festivalen gjer for å skape, bruke og vise nye arenaer. Mange av konsertane vert haldt på utradisjonelle stadar, noko som krev logistikk, transport og ressursar til å bygge opp scene og liknande på plassen. Dette gir særpreg og kvalitet til festivalen. Festivalen har ein medvete prispolitikk, særleg ovanfor born og legg til rette for deltaking for serlege grupper uavhengig av økonomi.

2.5 Organisering/styring

Førdefestivalen er organisert som stifting. Styret har sju medlemmer. Fylkeskommunen oppnemner styreleiar og to styremedlemmer. Førde kommune oppnemner ein styremedlem. Rådsmøtet der alle stiftarane møter, vel tre styremedlemmer. Desse kjem frå frivillig sektor. Etter vår vurdering har Førdefestivalen etablert ei styringsform og kommunikasjon som fungerer godt i høve til behova.

Rekneskap/ årsmelding viser at organisasjonen har tilfredsstillande økonomi. Dei arbeider for å oppnå andre inntektskjelder enn offentlege tilskot og har m.a. etablert:

- Prosjektmidlar gjennom samarbeidsavtalar
- Sponsorinntektene (auke på 10.9% frå 2012-2013)
- 350 frivillige

Dei har også etablert system for risikovurdering der dei har bygt opp eigenkapital for å redusere risiko og for å kunne møte økonomiske svingingar utan at drifta vert sett i fare.

3. Tilhøvet til Førde kommune

Samarbeidet mellom Førde kommune og Førdefestivalen er særleg godt. Det er tett kontakt mellom kommuneadministrasjonen og festivalen gjennom året. Ikkje berre ved at Førdefestivalen held til i Førdehuset og følgjeleg inngår i den daglege kontakten, men òg gjennom samarbeidsprosjekt, planlegging av festivalen, og samarbeid om felles tiltak. Sida oppstarten av Førdefestivalen har Førdehuset vore hovudarenaen. Heile Førdehuset vert tatt i bruk. Ingen andre arrangørar har klart å ta i bruk heile Førdehuset i eit arrangement slik Førdefestivalen har fått til år etter år.

For 2014 vart presentasjonen av festivalprogrammet gjort i det nye Rådhuset i Førde, og på sjølve festivalen vil fleire av arrangementa gå føre seg her – både ute og inne. Sett frå Førde kommune sin synsstad er vi glade for å kunne nytte kommunen sitt rådhus til festivalen og på det vise invitere og opne for at fleire vert kjend med huset. Det er eit tett og godt samarbeid mellom Førde kulturskule og Førdefestivalen både når det gjeld Barnas Verdsdagar, konsert- og øvingslokale og deling av musikkutstyr.

Førdefestivalen har etter kvart fått eit solid omdømme både internt i kommuneorganisasjonen, i Førde og i regionen. Førde er stolte av å ha ein internasjonal festival som er forankra i regionen sin kultur, identitet og historie, og som årleg gjennom festivalane får stor merksemd nasjonalt og internasjonalt. Festivalen sitt omdømme er òg med å skape eit positivt omtale for Førde og gjer kommunen og Sunnfjord attraktiv. Dette opplever vi gjennom reiser, møter og deltaking i ulike arrangement både lokalt og når Førde blir omtala. Førdefestivalen syner seg etter kvart å vere ein særleg viktig ambassadør for kulturlivet lokalt og for Førdesamfunnet.

Det lokale næringslivet består av mange mindre aktørar, ikkje dei store nasjonale og internasjonale verksemdene. Det betyr at drakrafta er meir spreidd på fleire små og i mindre grad konsentrert om få næringsaktørar. Dette er både positivt og utfordrande. Det siste referer seg særleg til sponning og drahjelp. Det er likevel lett å sjå at det lokale næringslivet ser Førdefestivalen som ein viktig og nyttig aktør både med omsyn til omsetning og for å marknadsføre Førde. Førdefestivalen er godt synleg på alle handlesentra og butikkar i Førde både før og i løpet av festivalen. For ein kommune som i utprega grad vert rekna som eit handelssenter med dagleg stort besøk, betyr dette svært mykje. Det er likevel ikkje gjort ein meir grundig analyse av kva effektar næringslivet har av sjølve festivalen med omsyn omsetnad, men det ville vore særst interessant å sjå nærare på dette.

Festivalen er òg særst viktig for mykje av det sivile samfunn, særleg for organisasjonslivet og naturleg nok knytt til folkemusikk og ungdomslag, men òg for andre kulturorganisasjonar.

Det er ei utfordring for Førde og kommunen å sjå på kva meirverdiar Førdefestivalen har for lokalsamfunnet. Det er openbart at vi kan nytte festivalen endå meir til å gjere Førde og regionen meir kjent. Det er òg naturleg å tenkje seg at vi kan nytte dei erfaringar og den institusjonelle kapasitet som festivalen etter kvart har skaffa seg, til nye kulturelle og nyskapande tiltak og arrangement utover det som allereie er skapt, så langt. Det er òg interessant å tenkje seg korleis t.d. skuleverket i større grad kan integrere festivalen i sitt arbeid, det same gjeld Høgskulen i Sogn og Fjordane med tanke på utdanningstilbod og gjennom forskning. Førde som arrangørby og eventstad er òg noko vi vurdere nærare. Her vil naturleg nok Førdefestivalen vere ein særleg viktig aktør.

4. Kulturelt fyrtårn for regionen

Sogn og Fjordane fylkeskommune bidreg med ressursar i høve til t.d. planlegging av Førdekonferansen og tilskot til andre aktivitetar i løpet av året, som t.d. VRAK-midlar. Vi ser på Førdefestivalen som eit kulturelt fyrtårn for heile regionen, festivalen bidreg også til god omdømmebygging av regionen. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å dra nytte av festivalen sin kompetanse i enda større grad enn i dag. Vi vil bidra til å marknadsføre og nytte festivalen sin kompetanse i samanhengar der dette er naturleg.

Sogn og Fjordane fylkeskommune slutter seg til Førde kommune sine vurderingar i høve til festivalen sin verknad i kommunen og for regionen. I eit fylke som har ein desentralisert busetnad og få institusjonar er det viktig å oppretthalde og styrke nokre sterke institusjonar, Førdefestivalen er ein av desse i Sogn og Fjordane. Førdefestivalen tilfører regionen ein unik bredde i musikktilbodet i fylket og bidreg i stor grad til mangfald i publikumstilbodet i Vestlands-regionen.

5. Førdefestivalen som knutepunktinstitusjon – avsluttande merknader

Knutepunktinstituttet, slik det står i dag, ser vi på som særst nyttig og ei viktig ordning for Førdefestivalen. I tillegg til den økonomiske sida av ordninga, og det faktum at det er tufta på ein partnerskapsmodell, gir det festivalen ein status som nasjonal og internasjonal festival. Samstundes bygger festivalen ein institusjonell kapasitet som er naudsynt for å få musklar og kraft til å bli ein av dei store festivalane. Lokalt og regionalt er òg dette særst viktig fordi kompetanse, nettverk og erfaringar også vert tilført andre deler av kulturlivet. Difor er knutepunktstatusen særleg avgjerande nettopp for oss.

I tillegg gir knutepunktordninga ein langt betre føreseieleg økonomisk situasjon. Førdefestivalen er i dag ein kulturinstitusjon med sterk forankring lokalt og regionalt og med klare overføringsverdiar til kulturlivet. Knutepunktinstituttet har gjort dette mogeleg.

Vi konkluderer med at Førdefestivalen på ein flott måte oppfyller kriteria for knutepunkt. Det er ein ressurs å vere vertskap for ein gjennomgåande profesjonell og solid festivalorganisasjon. Denne evalueringa bringer ikkje mange problemstillingar og utfordringar til drøfting fordi festivalen etter vår meining gjennom 25 år opparbeidd ein god organisasjon og eit (fleire) særst godt arrangement. Utfordringa vert difor å ikkje kvile på laurbæra og å vidareutvikle festivalen til enda høgare nivå.

Gjennomføring av knutepunkttoppdraget er god og Førdefestivalen er eit kulturelt fyrtårn for regionen. Dei presenterer kvalitetsmusikk til publikum og gir innblikk i, og forståing av verdsomspennande fenomen. Dei er sjangertru og gir eit konsept der publikum stoler på at dei får bra artistar sjølv om dei har eit ukjent namn. Vår vurdering er at Førdefestivalen har nasjonal og internasjonal relevans og knutepunktstatusen bør verte vidareført.